

Fuktproblem i Ålesund kyrkje

Vigra 07.02.2017

Eg har gjennom dei siste åra vore nytta til ulike oppdrag i samband med restaurering i kyrkja, dette har gitt meg muligheit til å følgje bygget og dei utfordringane som er i det. Der er eit problem med inntrenging av fukt/vatn i bygget, og dette er ikkje eit nytt problem.

Det har vore skifta beslag og tekkinger, samt omlagt deler av takflatene. Jevnleg reinsing av takrenner og renner mot gesimsar har òg vore utført. Dette har vore, og er nødvendige tiltak som har verknig, men dei fjerner ikkje problemet.

Ved kraftig regn er der ein del inntrekk i kopartekking i tårnet. Der er bra med luft og god opptørking, men det må overvakast så der ikkje vert skader på dei berande konstruksjonane under kopartekking. Det er òg stor inntrenging av vatn i tårnvegg sør og vest. Dette ser ein tydeleg. Dette kjem mest truleg gjennom fuger. Der er bjelkelag i tårnet som har skader og er sikra med stålkonstruksjonar, dette viser at det har vore fukt i muren over lang tid. Bjelkelag over tårnsalen og kledd vegg i tårnsalen har ein ikkje tilgang til, her kan vere skader. Sjå vedlagte bileter av tårnet.

Problemet er at det ser ut til at inntrenginga aukar, og dette er nok ikkje berre grunna klimaendringar. Det har siste tida vore konstatert fukt som er "innom" det gamle pipeløpet, dette danner brune striper og vil gi skader på freska i koret. Dette vatnet må sugast opp med fint, sugande papir, ikkje gniast utover, (konsultert målarmeister K. A. Årseth). Dette viser godt på vegg over korbogen og det renn/dryp ned slik ein ser det på brystning og benk i skipet. Vi har no lagt på absorberende matter over tak i overgang skip/kor for å hindre at det renn ned i skipet. Dette vatnet kjem svært truleg gjennom gesims mellom skip og kor. Sjå vedlagte bileter.

Det har vore mange diskusjonar og mange har vore innom for å sjå og gi råd. Det som peikar seg ut som ei løysing er fornying av fuger, spekking, samt tekking av gesimsar. På dei fleste bygga i Ålesund er gesimsane tekte. Viser òg til Lademoen kyrkje som er eit svært likt kyrkjebygg, der tekking av gesimsar nyleg har vore utført.

Tiltak med tekking av gesimsar må godkjennast av biskop og vernemyndigheit, spekking/reperasjon av fuger er vedlikehald som

bør setjast på planen snarast. Alle veggflater mot sør og vest bør takast med. Omfanget er det vanskeleg å fastslå, for å få ein peikepinn på kostnad er truleg beste måten å kontakte andre som har utført liknande tiltak, (ref Lademoen kyrkje).

Det som trengs no er løysingar og tiltak for å redusere problemet snarast mulig på best mulig måte. Ein må her knyte til seg fagfolk som har erfaring med denne typen bygg og murverk.

For å få ein fagleg rapport er det mulig å ta kontakt med Håvard Christiansen i Forsvarsbygg som har kompetanse på dette fagfeltet. Dette for å kvalitetssikre kva som må gjerast. Ein slik rapport vil koste kr 25 000- 30 000,-.

Vanninntrenging i gesims mellom skip og kor



Bilete teke over tak ved korbogen. Her er det lagt på isolasjon med plast under. Isolasjonen som ligg inntil muren er våt og trevirket er fuktig med roteskade. Burde ein her fjerne våt isolasjon og fjerne plast som ligg inntil muren?


Vanninntrenging i tårnet



Desse bileta viser tydeleg vanninntrenging i tårnet. Dette er bileter av vestvegg. Der er òg inntrenging på sørvegg.



Det er no lagt opp kryssfinerplater med påstifta absorberende matter. Dette er ei naudløysing for å hindre meir av sotvatnet å komme ned i skipet.




Her ser ein sotvatn som har kome ned i skipet, på sørsida av korbogen.



Vanninntrenging i sidekapellet, dette vatnet kjem svært truleg frå vestvegg tårn. Desse bileta er tekne etter utbetring av takflater/beslag som går inn til tårn nordside, takvindu er òg reparert.

Avleiringer på yttervegger



Avleiringer på yttervegger som viser at der er fuktvandring i murverket.

Otto Stornes
Snektermester
Dør og Vindusvern AS